



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200807333
Arkivnr. 000
Sakshandsamar Aardal, Sigrid Helene

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	21.06.12	169/12

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING AV VALLOVA OG VALFORSKRIFTA

Fylkesutvalet 21.06.12

Marte Malones sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkeskommune stiller seg positiv til å utvide stemmeretten til også å omfatte 16-17 åringer.»

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

«Det vert trykt partilogo på stemmesetlane.»

RØYSTING

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Malones sitt forslag fekk 7 røyster (A, V, MDG, SV) og fall.
Oen sitt forslag fekk 6 røyster (SV, A, MDG) og fall.

VEDTAK

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Kommunal- og regionaldepartementet sitt høyringsforlag til endringar i vallova og valforskrifta.

Hordaland fylkeskommune viser til merknader til forslaget slik det går fram av saksframlegget.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 25. juni 2012

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bertelsen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Organisasjonsavdelinga

Arkivsak 200807333-11
Arkivnr. 000
Saksh. Aardal, Sigrid Helene

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	21.06.2012

HØYRING - FORSLAG TIL ENDRING AV VALLOVA OG VALFORSKRIFTA

SAMANDRAG

Kommunal- og regionaldepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i vallova og valforskrifta, med høyingsfrist 1. august 2012. Departementet har og gjort ei evaluering av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011

I saka vert evalueringa kommentert, samt at framlagde forslag til endringar i valloven og valforskrifta vert gjennomgått.

Endingsforslaga gjeld manntal, tilgjengelegheit til vallokala, utforming av røystesetlar og førehandsrøystegjeving.

FORSLAG TIL VEDTAK

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til Kommunal- og regionaldepartementet sitt høyingsforlag til endringar i vallova og valforskrifta.

Hordaland fylkeskommune viser til merknader til forslaget slik det går fram av saksframlegget.



Paul M. Nilsen
fylkesrådmann



Gerd Ingunn Opdal
organisasjonsdirektør

Vedlegg: Forslag til endringar i vallova med forskrift

FYLKESRÅDMANNEN, 11.06.2012:

Kommunal og regionaldepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i vallova og valforskrifta, høyringsfrist er sett til 1. august 2012. Departementet har i høyringa ei evaluering av kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2011. I evalueringa inngår forsøka som vart gjennomført ved valet i 2011, med unntak av evaluering av forsøk med elektronisk røystegjeving. Evalueringa av dette forsøket er venta ferdig høsten 2012.

I denne saka vert evalueringa kommentert i høve til dei av forsøka som vart gjennomført i samband med valet og framlagte forslag til endringar i vallova og valforskrifta vert gjennomgått.

Evaluering av kommune- og fylkestingsvalet 2011

Utprovning av nye røystesetlar.

Departementet har som mål å gje røystesetlane til ulike val mest mogeleg lik utforming, og sikre at kravet om universell utforming. Setlane som vart nytta hadde einfalsing som skulle gjera brettinga enkel og korrekt.

Utfordringa var røystesetlar med mange kandidatnamn, der ein måtte nytta seg av ein setel med to falsar. Setlane hadde rosafarga mønsterside for kommunevalet og blåfarge til fylkestingsvalet. Setlane fungerte godt for veljarane både når det galt bretting og kor lesbare dei var. Kostnaden ved produksjonen av setelen med to falsar vart fordobra, og setelen skapte noko problem ved skanning.

Det vil vera viktig at ein arbeider vidare med utforminga av standardiserte røystesetlar, og då spesielt i høve til det lister med mange kandidatnamn. (tofalsa setlar).

Røysterett for 16- og 17-åringar

Ved kommunestyrevalet i 2011 vart det gjennomført forsøk med nedsett røysterett for 16- og 17-åringar i 20 kommunar, samt ved valet i Longyearbyen lokalstyre. Kommunar med ulik størrelse, kommunar frå samelige fylker, og kommunar med ordførarar frå ulike parti deltok i forsøket.

Som tiltak for å styrke politisk deltaking og engasjement bland ungdom føreslo regjeringa i St. meld. nr. 12 (2007-2008) å gjennomføra forsøk med å setja ned røysteretsalderen til 16 år. Den viktigaste grunngjevinga var at dette kan vera et tiltak for å få fleire unge inn i rollen som aktive innbyggjarar i lokalsamfunnet. Ein kan gjennom forsøket finna ut av om mogelegenheten for å delta ved val i denne gruppa fører til større bevisstgjering blant unge innbyggjarar og om deira rolle i det lokale samfunnslivet og høve for å påvirka lokale forhold.

Valdeltakinga blant førstegongsveljarar gjekk opp frå rundt 33 prosent i 2007 til 46 prosent i 2011. I forsøkskommunane var valdeltakinga blant 16- og 17-åringene endå høgare; rundt 58 prosent. Disse resultata styrker forskarane si tru på at valdeltakinga blant førstegangsveljarane aukar når røysteretsalderen blir sett ned. Tilknyting til skole og familie er sterkare for 16- og 17-åringar enn for 18-åringar og særlig 19-åringene som har gått ut av vidaregåande skole. Denne tilknytinga verker mobiliserande, og kan være avgjerande for korleis ein røystar seinare i livet.

Institutt for Samfunnsforskning og Rokkansenteret skal evaluere forsøket. Evalueringrapporten skal leverast departementet i 2013. Departementet vil setja i gang en prosess for oppfølging av dette forsøket.

Forsøk – elektronisk avkryssing i manntalet

Det ble i forbindelse med forsøket med elektronisk røystegjeving også gjennomført forsøk med elektronisk avkryssing i manntalet i vallokala på valldagen. Bakgrunnen var todelt. Ein føresetnad for oppteljing av elektroniske stemmer var at alle kryss i manntalet blei sett i eit elektronisk manntal før

oppteljinga startar. I tillegg var det ønskelig å teste ut elektronisk manntal i vallokala for å effektivisere valprosessen, røystegjevinga, oppteljinga og behandlinga av røystegjevinga.

Det var lite eller ingen kødanning for registrering i manntalet eller ved valurna. Det var berre et fåtal av veljarane som reagerte på at avkryssinga i manntalet var elektronisk, og ikkje på papir. Mottak av røyster frå veljarane som tilhører andre valkretsar i kommunen vart også enklare når prosedyren for mottak av røystene var lik både for veljarar tilhøyrande valkretsen og for veljarane tilhøyrande andre valkretsar. Oppsummert opplevde valmedarbeidarane elektronisk avkryssing i manntalet positivt.

Det er departementet si vurdering at dette var et veldig godt forsøk. Forsøket effektiviserte valprosessen, eksempelvis vart behandlinga av framande røyster enklare. Resultatet av disse røystene var klare på et tidligare tidspunkt. Etter departementets vurdering er det nødvendig med ytterligare utprøvingar av elektronisk avkryssing i manntalet før det eventuelt vert aktuelt å gjennomføra dette i alle kommunar som ønsker det. Departementet vil i forkant av valet i 2013 vurdera om det bør gjennomførast ytterligare forsøk med dette.

Departementet sitt forslag til endringar i valova med forskrift

Manntalet

Fleire forhold er under vurdering når det gjelder manntalet. Departementet vurderer blant anna endring i ansvarsfordelinga for etablering av manntal og innføring av frysdata for når det ikkje lenger kan gjerast endringar i manntalet. Nokre endringar vert føreslått som følgje av at det vert innført eit sentralt valdatasystem (EVA) for hele landet.

Etter departementet si vurdering er det derfor både nødvendig og hensiktsmessig å endra dei juridiske ansvarsforholda rundt manntalsføringa. Eit korrekt og pålitelig manntal er nødvendig for å sikra prinsipp om allmenn røysterett og statlige myndigheter bør i sterke grad ha ansvar for etablering av manntal ved val. Dette har også vore eit ønske frå kommunane over lengre tid. Det er departementet si vurdering at bearbeiding av data frå KRD til ferdige manntal bør skje på statlig hand, ikkje av private dataleverandørar på vegne av kommunane slik tilfellet har vært til no. Grunnen til at bearbeiding av manntalet bør skje av statlig myndighet er at det sikrar full offentlig kontroll over manntalet sitt innhald. Vidare vil eit felles statlig løysing på manntal sikre at ingen veljarar kan bli manntalsført fleire stader, eller at noen veljarar urettmessig fell ut av manntalet.

Det vert føreslått ei ansvarsdeling der departementet overtek kommunens ansvar for sjølv opprettning av manntalet og for den delen av oppdateringane som vert gjort maskinelt. SKD har utarbeida to typar uttrekk av folkeregisteret for å generere manntal, eit for stortingsval og et for kommunestyre- og fylkestingsval. Grunnen til dette er at det er ulike stemmerettsvilkår for disse valgene.

Etter valloven § 2-5 (a) skal folkeregisteret stille til disposisjon et uttrekk av folkeregisteret basert på røysterettsvilkåra 1. april, dette uttrekket kan berre nyttast til kontroll av listekandidatar og underskrifter på listeforslag. Dette har blitt rekna som eit "foreløpig" manntal.

For å kunne gjennomføre nødvendig forberedande arbeid til valet på en forsvarlig måte, har kommunane og fylkeskommunane behov for tilgang til manntalsopplysninga tidligare enn 1. april i valgåret. For å imøtekoma kommunane og fylkeskommunane sine behov vurderer departementet det som nødvendig å produsera eit foreløpig manntal tidlig i valgåret. Det vert føreslått at dette vert produsert per 2. januar. Dette utkastet kan oppdaterast månadlig fram til skjæringsdatoen 30. juni. Ordinært valmanntal per 30. juni vert oppdatert daglig fram til laurdag før valdagen. Reglane i valloven § 2-5 vert føreslått endra i høve til dette. Oppdateringsintervalla vert fastsett i forskrift

Det vert føreslått at manntalet frysas laurdag før valdagen når den siste overføringa frå SKD er mottatt. Å fryse manntalet etter at den siste oppdateringa frå SKD er mottatt laurdag før valdagen sikrar at alle kommunar har likt manntal på valdagen(e). Det vert gjort ingen oppdateringar i folkeregisteret i helgen, og neste oppdateringsfil frå SKD ville såleis komma dagen etter valdagen, altså på tirsdag. Det er departementets vurdering at det manntalet som ligg til grunn ved opninga av

valtinget, som i noen kommunar er søndag, andre kommunar er måndag, skal være så likt som mulig for alle.

Departementet har med heimel i valloven § 2-9 myndigkeit til å fastsette forskrifter om manntalsføringa. Det vert foreslått at denne vert utvida noko.

Vollokal

Valregelverket har reglar om vallokala skal ver egna, tilgjengeleg og tilrettelagt. Reglane finns dels vallova og dels i forskrifter og er ikkje eintydige for førehandsrøystegjevinga og valtingsrøystegjevinga. Departementet anbefalar ei harmonisering av regelverket, og at krava til å vera egna, tilgjengeleg og tilrettelagt i større grad vert lovfesta. Forsлага til lovendringar er ei presisering av gjeldande rett og endrar ikkje kommunane sine plikter. For kommunane vil krava vere dei same som i dag.

Departementet nemner særlig tilrettelegging for blinde og svaksynte og vil vurdera ei forskriftsendring som pålegg kommunane særskilt merking av røystesetelkassettane i avlukka med punktskrift for blinde og stor skrift for svaksynte.

Valkort

Som et supplement til valkort på papir er valkorta også tilgjengelege for kommunane i det nye valadministrative systemet. Å ha valkortet tilgjengelig elektronisk vil kunne avhjelpe eventuelle problem med utsending og produksjon av valkort. Det nye valadministrative systemet vil innehalde trykkefiler for generering av valkort. Dette skal brukast til å skrive ut eventuelle duplikatvalkort. Departementet vurderer også å gjøre valkortet tilgjengelig elektronisk via www.valg.no. Veljarar som ikkje mottar valkort på papir, kan då visast til den elektroniske versjonen.

Krav til utforming av røystesetlar

Av vallova § 7-1 følgjer det at det er fylkesvalstyret som skal sørja for at det blir trykt røystesetlar for alle godkjente lister til fylkestings- og stortingsval i fylket før førehandsrøystegjevinga startar. Vidare følgjer det at det er valstyret som sørger for at det blir trykket røystesetlar for alle godkjente vallister i kommunane før førehandsrøystegjevinga startar 10. august.

Røystesetlane som vert trykt opp av dei ulike valstyra og fylkesvalstyra har ulik utforming. Dette medfører at veljarane kan få røystesetlar som ikkje er universelt utforma. For kommunane og fylkeskommunane kan ulike format gje problem i oppteljinga, særlig ved bruk av skanning.

I første omgang vert det foreslått å standardisera utforminga av røystesetlar til bruk ved stortingsval. Ei standardisering vil ivareta krava til universell utforming og røystesetlane over hele landet vil ha lik utforming. Vidare vil bruk av skanningsfunksjonaliteten i EVA (felles statleg valsystem) krevja at enkelte element på røystesetlane vert standardisert slik at programvaren som vert nytta ved maskinell teljing gjenkjenner røystesetlane. En slik standardisering vil verta teken inn i valforskrifta. Av omsyn til fylkesvalstyra sitt ansvar for produksjon og trykking av røystesetlar til stortingsval vert forslag til endring av valforskrifta teken inn i dette høyringsnotatet. Departementet vil komme tilbake til spørsmålet om standardisering av røystesetlar ved kommunestyre- og fylkestingsval.

Fjerning av bruk av røystesetelkonvolutt ved førehandsrøystegjevingar i eigen kommune

Eit grunnleggjande demokratisk prinsipp er at alle som har røysterett skal ha høve til å røysta. Valordninga inneheld reglar og prosedyrar for korleis prinsippet om hemmelige val skal ivaretakast. Veljaren skal kunne levere si røyst i einerom og usett, og det er etablert rutinar som ivaretak hemmeleghald frå veljaren har røystar til røysta er opptalt. Prosedyrane er ulike for førehandsrøystingar og røystegjevingar på valtinget. På valtinget vert røystegjevingane godkjent når veljaren legg sin stempla setel i urna. Ved førehandsrøysting vert røystesetelen lagt i ein omslagskonvolutt sammen med valkortet. Røystegjevinga vert godkjent i etterkant.

Bruk av både røystesetelekonvolutt, valkort og omslagskonvolutt kan også synast som ein omstendelig prosedyre når veljaren røystar i den same kommunen som vedkomande har røysterett. Ein søker å

forenkla prosessen for veljarane og valfunksjonærar, og i endå større grad sikra hemmeleghald av kva den enkelte veljaren har stemt.

Dagens førehandstemmeordning vart til på ei tid med manuelt manntal på papir og varierande kvalitet og kompetanse på IKT-hjelpe midlar som valstyra hadde tilgjengeleg. Med innføring av et nytt valadministrativt datasystem og eit elektronisk online manntal tilgjengeleg i alle kommunar ligg tilhøva etter departementet si vurdering godt til rette for å vurdera endringar i dagens ordning. Det vert vurdert om det bør innførast ein prosedyre som i større grad liknar dei prosedyrar som veljaren møter ved røystegjevinga på valtinget. Departementet kan i hovudtrekk tenka ei løysing med følgjande element:

1. Veljare som røyster i den kommunen dei er manntalsført nyttar ikkje røystesetelkonvolutt, men legg sin røyst direkte i urna. Dette føreset:
 - a. at røystesetelen vert stempla,
 - b. online tilknyting til manntalet i det vert røysta,
 - c. at røystegjevinga vert godkjent idet veljaren vert kryssa av i manntalet og røysta vert lagt i urna.
2. Har kommunen ikkje online tilgang til manntalet, må røystesetelkonvoluttar nyttast
3. Kommunen kan sjølv bestemme om det også av andre årsaker bør nyttast røystesetelkonvolutt.
4. Veljarar som røystar i en annan kommune enn der dei er manntalsført, må nyitta røystesetelkonvolutt.

I tillegg vil det måtta vera tilstades to valmedarbeidarar ved røystegjevinga.

Etter departementet si vurdering vil førehandsrøysting utan bruk av røystesetelkonvolutt medføra ein vesentleg forenkling for veljarane. Dei fleste veljarar vil møte tilnærma same prosedyre uansett om dei røystar på førehand eller på valtinget, når dei røystar i eigen kommune. Departementet ser det som en fordel at ordninga bidreg til gjenkjenning for veljarane. Veljarar som røystar i annan kommune vil være merksam på at en særskilt prosedyre er naudsynt.

Førehandsrøystemottakarane vil få forenkla prosedyre ved mottak av dei fleste førehandsrøystene. Dei vil søke veljaren opp i det elektroniske manntalet, umiddelbart ta stilling til veljaren sin røysterett, krysse av for at veljaren har røysta og såleis godkjenne røystegjevinga. Deretter skal røystesetelen stemplast og setelen leggjast rett i urna.

Prøving av røystegjevinga (godkjenning eller forkasting) er i dag ei omfattande oppgåve, og i de mellomstore og store kommunane legg oppgåva beslag på store personalressursar. Oppgåva krev stor nøyaktigkeit og systemforståing. Det føreligg risiko for feil; som at ein kryssar ved feil person i manntalet, eller får kunnskap om kva namngjevne veljarar har røysta. Når røysta vert godkjent i det den vert avgjeven vert risikoen for feil redusert ved at fleire mulige feilkjelder vert fjerna. Ein viktig følge av den omtala forenklinga vil altså vere ein betre kvalitet på avkryssingsmanntalet og ein ytterligare styrking av prinsippet om hemmeleg val.

Innføring av nytt sentralt valadministrativt datasystem(EVA)

Departementet har utvikla eit elektronisk valadministrativt system(EVA) som skal erstatta system levert av private leverandørar. Systemet vart prøvd i forbindelse med forsøk med røysting via internett i 2011. Departementet ønskjer å implementera systemet i alle kommunane ved stortingsvalet i 2013. Alle valgdata, resultat og manntal vil då finnast i eit system. Kommunane blir ikkje pålagt å ta systemet i bruk i 2013.

Det valadministrative systemet dekkjer same funksjoner som dei valadministrative system kommunane/fylkeskommunane har nyttar frå private leverandørar og det same gjør systemet for maskinell teljing. Nytt er at departementet overtar ansvaret for systemopplæring og at det er utvikla ein fellesroutineporttal som er bindeleddet mellom vallovgjevinga og systemet.

Departementet kjem ikkje inn på internettrøystegjeving i høringsdokumentet.
Evalueringa frå forsøket er forventa å liggja føre hausten 2012.

Merknader til høyingsnotatet.

Manntal

Fylkesrådmannen ser det som positivt at ansvaret for opprettning og oppdatering av manntalet vert overført til statleg myndigkeit, og at opprettning og oppdatering vil vere i det nye valadministrative systemet EVA. Siste oppdatering av manntalet siste laurdag før valdagen sikrar et likt manntal for alle kommunane valdagen. Det er også positivt at eit ”foreløpig” manntal vil vera tilgjengeleg frå 2.januar i valåret. Dette vil gjera at arbeidet med kontroll av listeforslag kan starta tidlegare.

Egna og tilgjengelege vallokal ved førehandsrøysting og på valtinget.

Fylkesrådmannen ser at det er behov for å harmonisera reglane som gjeld dette. Det er også viktig at reglane vert lovfesta slik at det vert formalisert og at ein får ein lik praksis i kommunane .

Valkort.

At valkort vert gjort tilgjengeleg for veljarane via nett ser fylkesrådmannen som positivt. Dette vil kunna føra til mindre arbeid for kommunane.

Endringar i prosedyre for førehandsrøystegjeving.

Fylkesrådmannen meiner at dei endringane som vert foreslått i høve prosedyre for førehandsrøysting er ein positiv endring. Dette vil gjera at måten å røysta på lik for dei som høyrer til i kommunen same uansett om ein røyster på førehand eller på valdagen. Dette vil også gjera veljaren trygg på at valet er hemmeleg.

Fylkesrådmannen ser at det kan by på eit problem at også røystesetelen også vert stempla ved førehandsrøysting. Dette vil kunna medføra at kommunane kan få eit problem med å halda førehands- og valtingsrøystesetlar frå kvarande. Det vil krevja at kommunane er svært nøyne med å halda dei adskilt. Dette må også gjelda når setlane vert oversendt fylkesvalstyret for kontroll.

Røystesetlar.

Fylkesrådmannen ser positivt på at det vert lik utforming på røystesetlane. Departementet må vera merksam på og leggja til rette for at det i enkelte kommunar/fylkeskommunar er mange kandidatar på listene ved kommune- og fylkestingsvalet. Utforminga av røystesetlane må ta omsyn til dette.

Link til høyingsnotat:

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2012/horing---forslag-til-endringer-i-valglov/horingsnotat.html?id=680958>